

Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling, handlingsprogram 2018-2019

% fullført	Tiltak i handlingsplanperioden 2018-2019	Ansvar	Initiativtaker	Kommentar
5 %	1. Etablering av eit regionalt nettverk for klimaomstilling	Den regionale partnarskapen	FK ved plansjef	Sett på vent pga. samanslåing av FM, ventar til ny organisering har tredd i kraft (21.01.2019)
100 %	2. Etablering av Norsk klimatilpassingssenter i Sogndal	Vestlandsforskning	Vestlandsforskning	Fekk midlar over nasjonalbudsjettet, og blei offisielt opna 7. desember 2018. (21.01.2019)
50 %	3. Nasjonal klimaomstillingskonferanse i Sogndal	Den regionale partnarskapen	Regionalt nettverk for klimaomstilling i Sogn og Fjordane (Sjå tiltak 1)	Er under planlegging, saman med FM, FK, HVL og UiB i Hordaland. Hordaland er invitert inn i planlegginga av konferansen i 2019 pga.samanslåingsprosessen. (21.01.2019)
50 %	4. Møteplassar for det grønne skifte i næringslivet	Den regionale partnarskapen	FK ved fylkesdirektør NKA	Det er fleire møteplassar gjennom året for næringslivet i regi av fylkeskommunen. Her blir ulike tema tatt opp som er viktige for næringslivet - klimaomstilling er då ein naturleg del av dette. Dette er eit kontinuerleg arbeid som stadig er under vurdering for eventuell forbetring/ending. (01.02.2019).
20 %	5. Møteplasser for klimaomstilling i kommunane	Den regionale partnarskapen	KS Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune	Klimautfordringar var eitt av valgfrie tema under samling for planleggjarnettverket haust 2018.
25 %	6. Reduksjon av klimagassutslepp i transportsektoren jamfør RTP	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør SA	Skjer i samsvar med plan i RTP. Reduksjon av betydning vil kome i samband med nye båtanbod (21.01.2019)
15 %	7. Klimatilpassing av fylkesvegnettet jamfør RTP	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør SA	Kontinuerleg drifts- og vedlikehaldsarbeid på eksisterande vegnett. Vert teke høgde for ved planlegging og bygging av ny veginfrastruktur (21.01.2019)
20 %	8. Auke delen kollektivreiser	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør SA	Kontinuerleg arbeid (21.01.2019)
60 %	9. Tilskotsordning for etablering av hurtigladestasjonar	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Søkeordnina er open, men bør spissast og promoterst. Dialog med HFK om meir aktiv utlysing er sett i gang. (21.01.2019)
50 %	10. Areal- og samfunnsplanlegging som verktøy for klimaomstilling	Den regionale partnarskapen	FK ved plansjef og Fylkesmannen	Høringsuttalar inkluderer klimaomstilling, der dette er relevant. Klimatilpassing og utsleppsreduksjon er tema som vert omtalt i høringsuttalar og i planforum. Eksisterande rutinar er ikkje vidareutvikla eller tilpassa. (21.01.2019)
70 %	11. Rettleiing og oppfølging av ROS-analyser i kommunal arealplanlegging	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FM	Dette vert gjort fortløpande i alle reguleringsplanar (01.02.2019)
70 %	12. Rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FM	Dette vert gjort fortløpande i samband med tilsyn og dagleg kontakt med kommunane (01.02.2019)
50 %	13. Klimakommunikasjonsstrategi	Den regionale partnarskapen	FK ved plansjef	Auka formidling av klimarelaterte hendingar på sfj.no og Facebook. Eiga Facebook-side er ikkje etablert pga. at tiltak 1 ikkje er gjennomført. (21.01.2019)
5 %			Fk ved plansjef og intern tverrfagleg klimagruppe	Ingen eigen klimakommunikasjonsstrategi er utvikla, det vert tatt utgangspunkt i Fk sin informasjonsplan. (21.01.2019)
70 %	14. Etablering av Klima- og miljøprisen	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Innstillingsnemnd og retningslinjer for prisen blei vedtatt i FU-sak 108/2018. Nominasjonstrist for prisen i 2018 var 31.des 2018. 10 eksterne nominasjonar kom inn. Nominasjonane er sendt over til innstillingsnemnda. Planen er vedtak FU vår 2019, og utdeling av pris i FT april 2019. (21.01.2019)
70 %	15. Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Frå vedtak av klimaplan i juni 2018 til utgangen av 2018 blei alle midlane brukt opp (over 2 millionar). 13 søkarar fekk tildelt midlar. Fire nye søkandsfristar i 2019 (21.01.2019)
50 %	16. Oppdragsbrev til Innovasjon Norge	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør NKA	Oppdragsbrev for 2019 skal til behandling i Hovudutval for næring og kultur 6. februar 2019. Klimatiltak, grønt skifte og berekraft går igjen gjennom heile oppdragsbrevet og er også eit svært viktig satsingsområde til Innovasjon Norge. (01.02.2019)
	17. Regionale tilskotsordningar	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Heile fylkeskommunen	
70 %	18. Samarbeidsavtaler med lag og organisasjonar	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Lag og organisasjonar	Klimabudsjettet er knytt opp til avtale med Sogn og Fjordane 4H og United World College Flekke. Gjennom felles avtale med NKA får også Naturvernforbundet og Ungt Entreprenørskap midlar frå klimabudsjettet. (21.01.2019)
	19. 2°C-magasinet	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	
50 %	20. Klimastipend og tilskot til masteroppgåver	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Kun to stykker søkte stipendet i 2018. Ordninga må promoterst betre. (21.01.2019)

5 %	21. Biblioteka som pådrivar for ein grønare kvardag	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkesbiblioteket	I tidleg fase av planlegging. Det er midlar i budsjettet, og det vert planlagt gjennomført hausten 2019. (04.02.2019)
70 %	22. Den kulturelle skulesekken med klimaperspektiv	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør NKA	Gjennomførte turnèar i DKS: *"Freseskyflyet" haust 2018 5.-7.steg 61 freamsyningar 1526 elevar. *"Dans vêret" haust 2018: 1.-4.steg 43 framsyningar 1513 elevar. Ny turnè vår 2019. *"Verken fugl eller fisk" haust 2018: 65 framsyningar 1418 elevar. Ny turnè haust 2019. Turneane har vore publiserte på DKS sine Facebook-sider. Lokale aviser har dekkja nokre av turneane og Kulturtanken filma "Verken fugl eller fisk" som hadde ei veke avbrekk i turneen og var i Stortinget der m.a. Statsministeren deltok på verkstaden. Filmen var publisert både hos Kulturtanken og på våre Facebook-sider. (01.02.2019)
5 %	23. Klimaspel/klimameisterskap i den vidaregåande skulen	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør for OA og plansjef	Har vore i dialog med Ducky, leverantør av klimameisterskap. Fylkesdirektør for OA har meldt frå at OA ikkje har kapasitet til å gjennomføre perioden handlingsprogrammet gjeld. Klimakoordinator er i dialog med Firda VGS, då det vil vere mogeleg at dei gjennomfører med midlar frå klimabudsjettet. (21.01.2019)
5 %	24. Berekraftig utvikling som del av dei nye læreplanane	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør for OA	Nye læreplanar er no ute på høyring og bærekraft som tema skal inngå i alle fag der det er naturleg. Tema samling i regi av OA 2.januar og neste 5.april. Lage felles høyringsnotat frå SFFK-OA (04.02.2019)
100 %	25. Konferanse om utdanning for berekraftig utvikling	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Firda VGS	Gjennomført 15.november. http://www.firda.vgs.no/klimakonferanse.6147580-367276.html
50 %	26. Energiportalen	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Kontrakt signert i november 2018, og planlegt gjennomført vår 2019. (21.01.2019)
50 %	27. Hindre spreining av gummigranulat frå kunstgrasbaner	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved fylkesdirektør NKA	Arbeidet med tiltaket er komnt godt i gang. Behovet for granulatfangarar ved alle kunstgrasbaner i fylket er kartlagt. Vidare er det forhandla fram ein rabattert pris på fangarane til Ulefos, og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har vedteke å gje tilskot til klubbar som kjøper inn fangarar til lagseigde baner. På dei kommunalt eigde banene må kommunane dekke kostnaden sjølve, men dei får også fangarane til den framforhandla rabatterte prisen. Blant dei lagseigde banene har omlag halvparten bestilt fangarar, medan talet er noko lågare blant dei kommunalt eigde. Målet vårt er at alle banene har bestilt og fått på plass fangarar innan utgangen av 2019. Når det gjeld oppsamling av snø i snødeponi er vi i diskusjon med fleire anleggseigarar om mogelege løysingar, og ved enkelte anlegg vert ulike løysingar prøvd ut denne vinteren. Når det gjeld forbetring av vedlikehalds og driftsutgifter er vi i kontinuerlig dialog med klubbar og kommunar om dette. Vi har i samarbeid med NFF Sogn og Fjordane samt kommunane Vik, Fjaler og Eid eit prøveprosjekt på eit ristesystem med oppsamling ved inngang og utgang av anlegga som skal testast ut første halvår 2019. Dersom dette fungerer slik det er tenkt vil vi utvide dette til alle baner der det er mogeleg å få til.
33 %	28. Klimatilpassing og utsleppsreduksjon som del av mandatet til programstyra for frukt og grønt, grovfôr og husdyrhold samt skog og tømmer	FK og FM	FM ved landbruksavdelinga FK ved fylkesdirektør NKA	Programstyret for frukt og grønt tek ansvar på sitt område (29.01.2019)
25 %	29. Utvikling og formidling av kunnskap om klimaomstilling av landbruket	FK og FM	FM ved landbruksavdelinga FK ved fylkesdirektør NKA	For spreining av husdyrgjødsel vert det frå 2019 innført eit tilskot til bruk av nytt teknisk utstyr for redusert jordpakking og redusert utslepp til luft. (29.01.2019)
20 %	30. Prosjekt om lokale utfordringar knytt til klimaomstilling	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FM ved landbruksavdelinga	Landbruksrådgivinga har fått støtte til å prøve ut Klimatolken på gardsnivå. Prosjektet "Robothausting av gras" i regi av NMBU og NIBIO Fureneset ser både på tekniske løysingar og endra haustemåte av gras. (29.01.2019)
30 %	31. Tverrfaglig klimagruppe i fylkeskommunen	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Gruppen gjennomførte eitt møte 13.09.2018. Pga kapasitetsutfordringar i fylkessamanslåing har det ikkje vore høve til fleire møter. (21.01.2019)
10 %	32. Danne tverrfaglig ressursgruppe knytt til grøne innkjøp	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved innkjøpstenesta	Eit første møte for prioritering av innkjøpsområder er planlagt til 04.02.19, der SA, BET INNK og klimakoordinator skal vere til stades. Det var først planlagt til tidlegare, men måtte utsettast. Dessutan er fellesmøte med klimaseksjonen og innkjøp i Hordaland planlagt. (01.02.2019)
100 %	33. Kvalitetssystem for gjennomføring av anbuds konkurransar for byggjeprojekt	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved BET	Implementert i KS-system for alle byggeprosjekt. (04.02.2019)
90 %	34. Energioppfølgingssystem og sentral driftskontroll	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved BET	Alle eigde fylkeskommunale bygg har etablert energioppfølging og sentral driftskontroll. Brukt energi, kostnader og CO2-utslipp vert overvåka per time. Unntak er Storehagen atrium, tannklinikkar utan automatisk målaravlesing og tilsvarande bustadar. (04.01.2019)
40 %	35. Miljøfyrtårn-sertifisering og Klimaregnskap for fylkeskommunal verksemd	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Klimakostanalyse blei gjennomført oktober 2018, og blei nytta inn i kunnskapsgrunnlaget til Regional planstrategi. Resultata er enno ikkje blitt nytta vidare. (21.01.2019)
5 %	36. Forskings- og utviklingsstrategi	Sogn og Fjordane fylkeskommune	FK ved plansjef	Det har ikkje vore kapasitet til dette punktet. Men det er skrive inn som eit viktig punkt for nye Vestland FK.

5 % 37. Biostrategi

Sogn og Fjordane
fylkeskommune

FK ved fylkesdirektør for
NKA

Arbeidet er ikkje kome i gang, men det er gjort nokre tankar rundt det. (01.02.2019)